



Kommunedelplan for Markegardslie – Lykkja

I kommunedelplanen er det tatt strategiske val i høve til utfordringane innan for vatn og avløp. Det omfattar strategiar i høve til løysingar og organisering av gjennomføring. Planen klargjer korleis utfordringane må løysast, samt ansvar/ engasjement og kor ansvaret i høve til opprydding ligg. Val av løysing henger saman med den vidare arealbruksutviklinga

Opprydding av avløp i spreidd bebygde områder

Gode og framtidretta løysingar for vatn og avlaup er ein viktig del av den vidare ”modernisering” innanfor Lykkja - Markegardslie. Utfordringa er spesielt stor innanfor områda med mykje eksisterande bygg som har fått ei gradvis standardheving gjennom ei blanding av enkeltløysingar og fellesløysingar.

Som en del av arbeidet med kommunedelplan blei det i 2001, gjennomført analysar av vassprøver tatt innanfor planområdet. Det er registrert dårleg vasskvalitet og økt bakterieforhold ved utløpet av Storevatn. Det er i påsken vasskvaliteten er dårlegast, grunna høg belastning og låg vassføring. Resultatet er stort sett bra i dei store resipientane, men forureiningsbidraget og dei hygieniske forholda nedstrøms i små bekker ved besøkstoppar har stor lokal verknad og gir dårleg vasshygiene. Risikoen for forureining av drikkevasskjelder vil dermed være stor i periodar. Dette gjeld i fyrste rekke for bakteriar.

Som eit resultat av dette må kommunen syte for at det blir rydda opp i vatn- og avløpssituasjonen. Alle avløpsanlegg innanfor planområdet er registrert og det blir ikkje gjeve nye utleppsløyver før det er utarbeida ein heilskapleg plan for vatn og avløp. Det er utarbeida eige kart over områder med krav om rammeplan. Det er grunneigar/ hytteeigar i området som skal organisere seg for å få utarbeida rammeplan for området.

Hovudmålet er å rydde opp i ulovleg etablerte avløpsanlegg, få ein status over dei enkelte anlegga samt ein betre kontroll over alle private enkeltanlegg og dermed forureiningssituasjonen i området. Nyttå for den enkelte vil mellom anna være reinare og tryggare drikkevasskjelder og betre miljø i vatn og vassdrag.

Rammeplan for VA

Ein rammeplan for avløp er i praksis gjennomføring av strategiane som er gitt i kommunedelplanen dvs. at ein rammeplan skal gjøre greie for/synleggjere kva som er avløpsteknisk mogleg for det aktuelle området. Området skal gjennom rammeplanen gi ein heilskapleg oversikt over dagens vatn- og avløpsforhold og moglege vass- og avløpsløysingar (fellesløysingar/ enkeltutlepp) i eit gitt område.

Rammeplanen skal gi retningslinjer og føringar for korleis opprydding av vatn og avløpsproblematikken skal skje for det aktuelle området. Rammeplanen bør også til ein viss grad legge føringar for korleis vassforsyninga bør og kan leggas opp i framtida.





Avløpstekniske vurderingar som grunnforhold, terreng, fall, infrastruktur og framtidig etablering av vasskjelder, skal utarbeidast i plan. På bakgrunn av disse vurderingane skal det avgjerast ein områdeavgrensing som er hensiktsmessig og avløpsløyser (fellesløyser/enkeltutsløpp) som er mogleg å etablere innanfor det aktuelle området.

Det er grunneigar/ hytteeigar som skal organisere seg for å få utarbeidet en rammeplan for området. Utvikling og drift kan samordnast i et selskap ol. Det viktigaste er å ha en avtale som løyser dei viktigaste problemstillingane i høve til etablering, drift og vedlikehald av fellesanlegget.

For å gjennomføre effektiv saksbehandling og utvikle gode løysingar som fylgjer opp intensjonane i kommunedelplanen, er det behov for gode samarbeidsløyser mellom kommunen og forslagstillar av rammeplanen. Det skal gjennomførast forhandskonferanse for å avklare områdeavgrensing. Kommunen sender referat til partar og brukerinteresser.

Krav til rammeplan før den sendast kommunen for behandling:

- Varsle om planstart til alle hytte- og grunneigarar i området, samt dei med brukerinteresser
- Dialog og samarbeid med grunneigarar, vel og andre interesseorganisasjonar – brukerinteresser
- Dialog med mattilsynet/miljøretta helsevern i Hallingdal i samband med eksisterande og nyetablering av drikkevasskjelder
- Planen skal utarbeidast av uavhengig/nøytral fagkyndig. En nøytral fagkyndig bør være eit uavhengig føretak eller aktør med tilstrekkelig hydrogeologisk og avløpsteknisk fagkompetanse
- Søker/prosjekterande skal ha fokus på å etablere den reinseløysingen som er best egna ut frå dei naturgitte føresetnadane, miljø, brukarens interesser og økonomi, uavhengig av type reinseløysing eller produsent

Saksbehandling av rammeplanen.

Dersom planmaterialet er av tilstrekkelig kvalitet sender kommunen planen på høyring til:

- Hytte- og grunneigarar i området
- Miljøretta helsevern i Hallingdal, Mattilsynet, Fylkesmann og Fylkeskommunen
- Andre høringsinstansar skal vurderast i kvar ein skilde sak

Den aktuelle rammeplanen vil bli lagt ut på kommunens nettside og høyringa blir annonsert i lokalavisa.

- Når høringsperioden på fire veker er utløpt blir planen politisk behandla
- Når planen er godkjent kan det søkast om utsleppsløyve og igangsetting for bygging av anlegg
- Kommunens saksbehandlingsfrist på søknad om utslepp er på seks veker
- Kommunen har registrert alle avløpsanlegg, anlegg utan løyve og eldre anlegg av dårleg kvalitet vil få pålegg om å knytte seg til felles avløpsanlegg

